

Dalheim

Tilleggsdokumentasjon av hagen

Innhold

1. Bakkemur langs bygdevegen ved eigedomsgrensa	6
2. Mur langs eigedomsgrensa frå den gamle bygdevegen og opp til vedhuset	9
3. Fundament til drivhusa	11
4. Hagen ved bungalowen	13
5. Mur langs vegen mellom bungalowen og driftsbygningen	15
6. Området ved driftsbygningen.....	16
7. Hage ved villaen	18
8. Mur ved parkeringsplassen.....	27
9. Studio og mausoleet.....	29
Vedlegg	36

Dalheim - tilleggsdokumentasjon av hagen


Hagen utgjør ein viktig del av anlegget på Dalheim/Singerheimen, og ekteparet Singer brukte mykje ressursar på å opparbeide og halde hagen. Då Dalheim/Singerheimen ligg i eit bratt terreng har det blitt gjort omfattande arbeid med å forme terrenget slik at ein her fekk ein heilskapleg hage kring husa, samstundes som at det var område med slåttemark der ein hausta fôr til dyra. Eit særmerke med hagen som framleis er godt bevart, er dei mange bakkemurane som vart brukt til å bygge opp fleire flatare terrassar i hageanlegget.

Rapporten omhandlar hagen slik den framsto våren 2021. Alle mål er basert på måling av strukturane i kart. Kartgrunnlag er fylkesatlas.no. Vi gjer merksam på at høgda på murane ikkje er målt, og den høgda som blir angitt i teksten er berre eit anslag.

Tala i kartet til figur 2 refererer til omtalane av dei ulike delane av hagen. Der det ikkje står noko anna, er alle bilete tatt i 2021 av Arlen Bidne/VLFK



Figur 1. Utklipp av flyfoto frå www.fylkesatlas.no



Figur 2. Kartutsnitt henta frå www.fylkesatlas.no og påført referansar til teksten i dokumentet.

1. Bakkemur langs bygdevegen ved eigedomsgrensa.
Mur langs eigedomsgrensa frå den gamle bygdevegen og opp til vedhuset.
3. Fundament til drivhusa
4. Hagen ved Bungalowen
5. Mur langs vegen mellom bungalowen og driftsbygningen
6. Området ved driftsbygningen.
7. Hage ved villaen
 - a. Øvre terrasse
 - b. Nedre terrasse
 - c. Nordsida av hagen
 - d. Austsida av hagen
8. Mur ved parkeringsplassen.
9. Studio og mausoleet

1. Bakkemur langs bygdevegen ved eigedomsgrensa

Bakkemuren er sett opp i eigedomsgrensa i nedre del av anlegget langs den gamle bygdevegen. Muren fyl den gamle bygdevegen og kjem inn til dagens veg til nabohusa i sør. Ved å bygge den høge bakkemuren i nedre kant av eigedomen vert heile eigedomen løfta opp i forhold til naboegedomane. Muren er bygd i stein og tilpassa terrenget med ulik høgde, den er lågast i sør, der den er omlag ein meter høg, og høgast i eigedomsgrensa mot nord der den er ca. to meter høg. Den er omlag 65 meter lang.



Figur 3. Dalheim sett frå den gamle bygdevegen. Biletet viser både bakkemuren som går opp til vedhuset og bakkemuren langs den gamle bygdevegen.



Figur 4. Den gamle bygdevegen på nedsida av Dalheim og starten av muren på oppsida av bygdevegen.



Figur 5 og Figur 6. Bakkemuren ved den gamle bygdevegen nedanfor Dalheim.



Figur 7, Figur 8 og Figur 9 Bakkemuren ved den gamle bygdevegen. Figur 8 viser parti på muren som held på å sige ut og har behov for istandsetjing.

2. Mur langs eigedomsgrensa frå den gamle bygdevegen og opp til vedhuset

Bakkemuren fyl eigedomsgrensa frå bygdevegen og opp til vedhuset. Muren har ulik høgd og er høgast nede ved bygdevegen. Oppe ved vedhuset sluttar muren og frå vedhuset er terrenget likt mellom Dalheim og naboiegdomen. Der bakkemuren er bygd er terrenget ved Dalheim heva oppover terrenget til naboiegdomen. Muren er i stein og har ulik høgde og er høgast nede ved bygdevegen der den er omlag 2 m. høg. Oppe ved vedhuset vert den vesentleg lågare og går inn i høgde med kjellaren til vedhuset. Muren er omlag 50 meter lang.



Figur 10. Bakkemuren sett frå naboiegdomen oppe ved vedhuset.



Figur 11. Bakkemuren sett fra den gamle bygdevegen og opp mot vedhuset.

3. Fundament til drivhusa

På Dalheim var det tidlegare tre drivhus, eit som stod langs langveggen mot sør og to som frittstående drivhus som stod vinkelrett mot drivhuset langs langveggen av vedhuset. I tillegg til drivhusa var det her også drivbenker mot vest. Her vart det mura opp ein låg mur i stein som framleis er synleg. Der drivhusa stod er det i dag ein asfaltert snuplass, og fundamenta av drivhusa er ikkje lenger synlege.

Fundament til drivhuset ved langveggen går eit stykke opp på kledningen og skrår inn i terrenget mot vest. Muren ved drivbenkane er omlag ein meter høge nærast vedhuset, mot driftsbygningen skrår muren inn i terrenget. Fundamentet til drivhuset er omlag 2,5 meter langt mot vest. Muren til drivbenkane er omlag 12 meter lang. Fundamentet til drivhuset langs langveggen på vedhuset er i betong. Muren ved drivbenkene er framleis synleg og er i stein.



Figur 12. Oversiktsbilete som viser restane av betongfundamenta til drivhuset inntil vedhuset og bakkemuren framfor der det tidlegare var drivbenkar.



Figur 13. Betongfundament til drivhus til venstre og hjørnet av bakkemur ved drivbenkane til høyre. Figur 14. Bakkemur ved drivbenkane.



Figur 15. Fundament til drivhus og bakkemur ved drivbenkane sett mot driftsbygningen. Figur 16. Snuplass ved vedhuset på det området der det tidlegare stod drivhus.

4. Hagen ved bungalowen

Ved bungalowen er det etablert eit eige hageanlegg som ein del av det heilskaplege hageanlegget til Dalheim. Bungalowen vart brukt av gjestar som kom langvegsfrå og vart buande over lengre tid. Her hadde dei i tillegg til eige hus, ein eigen liten hage som dei kunne nytte. Terrenget er svært bratt ved bungalowen og hagen vart difor terrassert. Ved bygging av bungalowen grov ein seg ned i bakken i bakkant, slik at det bak huset er ein steinmur som er omlag like høg som første etasje og det er ei smal passasje mellom muren og huset. Denne muren er i dag under reparasjon. Mot vest skrår muren og vert lågare. Når ein kjem fram til der glasverandaen begynner, så er muren forholdsvis låg. Her får muren ein 90 graders vinkel mot sør. Framfor denne muren er det etablert ein forholdsvis flat plen som vert avgrensa med ein ny låg mur i stein. Bakken skrår frå den muren ned til veggen der hagen er avgrensa av ein bakkemur i stein som løfter hagen til bungalowen opp på eit litt høgare nivå enn veggen. Mot nord er hagen framfor bungalowen avgrensa av ein bakkemur i stein som går frå veggen og opp til grunnmuren til huset. Terrenget framfor kjellaren til bungalowen ligg på eit noko lågare nivå enn resten av hagen.

I hagen er det tre trapper i stein som leier opp mellom dei ulike nivåa i hagen. Hagen er omkransa av store bjørketrær som langs den nedre muren.



Figur 17. Bungalowen og vedhuset sett frå driftsbygningen. Figur 18. Hagemuren framfor bungalowen sett mot driftsbygningen.



Figur 19. Sti opp frå vegen til inngangen til bungalowen.



Figur 20. Bakkemur i hagen til bungalowen.



Figur 21. Trapp mellom to av nivåa i hagen til bungalowen.



Figur 22. Nedre del av hagen til bungalowen, med bakkemur, trær og sti.



Figur 23. Bakkemur på baksida av bungalowen. Muren er under reparasjon.



Figur 24. Bakkemur ved sida av bungalowen. Muren er under reparasjon.



Figur 25. Bakkemur som avgrensar hagen ved bungalowen. På det låge nivået er inngang til kjellaren til bungalowen.

5. Mur langs vegen mellom bungalowen og driftsbygningen

Langs vegen mellom bungalowen og driftsbygningen er det på oppsida av vegen ein mur i stein som er omlag ein meter høg og omlag 50 meter lang. Opphavleg var det planta blomar på toppen av muren, i dag er det her slåttemark.



Figur 26. Bakkemuren sett frå driftsbygningen.



Figur 27. Bakkemuren sett frå bungalowen mot driftsbygningen.

6. Området ved driftsbygningen

Då driftsbygningen vart bygd vart terrenget der den står gravd ut og vegen bak ligg omlag i plan med låven. Fjøset utgjer kjellaretasjen på driftsbygningen og er omlag like høg som vegen. Mellom driftsbygningen og vegen var det tidlegare eit lagerskur. I dag er det berre ytterveggane i betong som står att, og spor etter taket på skuret er framleis synleg i betongmuren.

Vegen mellom tunet, driftsbygningen og bungalowen kryssar ved driftsbygningen og her er det mura opp fleire steinmurar for å tilpasse terrenget til bygningen.



Figur 28. Dei ulike murane ved inngangspartiet til fjøset.



Figur 29. Inngangspartiet ved fjøset, med muren mot vegen og betongmuren som var vegg til eit lagerrom. Figur 30. Biletet til venstre viser rommet mellom vegen og driftsbygningen, vi ser her merkene etter kvar taket på lagerrommet var.



Figur 31. Framsida av driftsbygningen.

Her er framleis espaliera på plass der det tidlegare vaks klatreplanter.



Figur 32, Figur 33 og Figur 34. Vegen på oppsida av låven med inngang til låven under arka.

7. Hage ved villaen

Hageanlegget nærast villaen kan delast inn i ulike soner. Terrenget var opphavleg bratt og det vart difor gjort mykje arbeid med å terrassere hagen slik at ein fekk fleire til dels større flatare parti omkring villaen. I denne delen av hagen står fleire små hus som var viktige for drifta av Dalheim og dei utgjør ein viktig del av heilskapen til denne delen av hagen.



Figur 35. Villaen med øvre og nedre terrasse sett frå vegen.

Hagen kring villaen kan delast opp i fyljande soner: Øvre terrassen som fyl villaen langs sør og vestsida, nedre terrasse som utgjør eit lågare nivå under øvre terrasse, nordsida av hagen og austsida av hagen med dei små husa.

7A Øvre terrasse

Øvre terrasse er delen av hagen nærast huset mot sør og vest. Terrassen er bygd opp av ein steinmur som er omlag 2,5 meter høg på det høgaste men som skrå inn i terrenget i begge endar. På toppen av muren er det i dag planta ein hekk av buskblom. Mellom muren og villaen har hagen eit forholdsvis flatt parti, mot vest er det plen og ein hellelagt sti, samt to steintrapper der det er høgdeforskjell. Mot sør er flata forholdsvis brei og det er her i hovudsak plen, men det er eit gruslagt tun framfor inngangen til meieriet og ein gruslagt sti fram til kjøkkeninngangen. Under plenen her er det ein jordkjellar som har inngang frå ei dør i bakkemuren til øvre terrasse. I plenen er jordkjellaren synleg i form av ei luftepipe.

Frå hovudinngangsdøra gjekk det opphavleg ein gangveg gjennom hagen og ned til Studio. I dag er det i hovudsak kun trappa oppe ved øvre terrasse som er att av denne stien, men det kan sjåast spor

etter den i terrenget nokon stader. Det var tidlegare mykje blomar i denne delen av hagen og vi finn framleis att restar av blomebed langs ytterveggane på villaen. Ved pipa mot sør var det planta eføy som dekkja heile pipa. I dag er delar av denne eføyen fjerna og den rekk kun opp til første etasje.



Figur 36. Tunet med kjøkkeninngangen.



Figur 37. Fasaden mot dalen med muren til øvre terrasse. Til høgre ser vi byrjinga av nedre terrasse,



Figur 38. Øvre og nedre terrasse sett fra nedsida av hagen. Figur 39. Trapp opp mot hovudinngangen og hellelagt sti ved øvre terrasse.



Figur 40. Trapp opp mot øvre terrasse og hovudinngangsdøra. Figur 41. Bakke muren ved øvre terrasse sett fra nedre terrasse. Figur 42. Inngangsdør til jordkjellar under øvre terrasse.

7B Nedre terrasse

Nedre terrasse fylt øvre terrasse men ligg på eit lågare nivå i terrenget og mot vest vert den avslutta omlag midt på villaen. Terrassen er bygd opp av ein mur i stein med ein hekk langs delar av toppen. Muren har ulik høgde men er omlag 2-2,5 meter høg på det høgste, på vestsida skråar den inn i terrenget. Sjølv terrasse er ikkje meir enn omlag 4 meter brei og i dag er det også ein hekk i sør som veks opp langs muren til øvre terrasse.



Figur 43. Øvre og nedre terrasse der bakkemurane svingar inn langs sørsida av villaen.



Figur 44. Øvre og nedre terrasse sett mot parkeringsplassen. Figur 45. Bakkemur til nedre terrasse med hekk på toppen.



Figur 46. Nedre terrasse, parti med hekk på begge sidene av terrassen. Figur 47. Detalj av bakkemur med hekk på nedre terrasse.



Figur 48. Bakkemur til nedre terrasse sett mot villaen.

7C Nordsida av hagen

Den nordlege delen av hagen skrår nedover og består i dag i hovudsak av plen og slåtte­mark. Tidlegare var det her ein rosehekk med blomsterrabatt som avgrensa hagen mot nord og ramma inn denne delen av hagen. Rosehekken gjekk sannsynlegvis der vi i dag har overgang mellom plen og slåtte­mark, og så runda den seg innover mot villaen på innsida av flaggstanga. Rosehekken er i dag vekke. Det står att ein rosebusk der hekken sannsynlegvis gjekk og det kan vere at den er ein rest etter den opphavlege rosehekken. Tidlegare gjekk det stiar gjennom denne delen av hagen opp til drivhusa og til austsida av hagen



Figur 49. Nordre del av hagen sett frå bæn ved vedhuset. Rosebusk omlag midt i bildet kan ha vore ein rest av den gamle rosehekken som var her.



av hagen sett ut mot dalen.

Figur 50. Nordre del

7D Austsida av hagen

Austsida av hagen ligg på baksida av huset og heng tett saman med den nordlege delen av hagen. Her var det tidlegare to gangvegar som gjekk parallelt, ein langs baksida av villaen og ein som gjekk langs baksida av drengestova mellom stabburet og fram til kafeen der den gjekk ned til trappa mellom kafeen og drengestova til den gruslagte plassen i tunet. Opphavleg var det mykje blomstrar i hagen, blomsterbed langs mange av husveggane og klatreplantar oppetter husveggane. I denne delen av hagen finn vi restar av dette ved drengestova og kafeen. I denne delen av hagen stod det opphavleg eit ishus mellom stabburet og kafeen, fundamenta etter ishuset er framleis synlege.



Figur 51.

Austsida av hagen med drengestova og kafeen lengst til venstre.



Figur 52. Austsida av hagen med stabburet, drengestova og kafeen. Figur 53. Austsida av hagen sett frå tunet ved kafeen.



Figur 54. Fundamenta etter ishuset som stod mellom stabburet og kafeen. Figur 55. Kafeen med vegen som går vidare opp til driftsbygningen og bungalowen.



Figur 56. Kafeen med oppmura blomsterbed og vegg kledd med espalier for klatrevekstar.

8. Mur ved parkeringsplassen

I dag er det etablert ein parkeringsplass oppe ved tunet sør for kafeen. Området med dagens parkeringsplass vart tidlegare mellom anna nytta til tørking av klær. På nedsida av parkeringsplassen er det bilveg bort til nabohuset, som var opphavleg bygd som paktarbustad. Opphavleg var vegen til paktarbustaden ein forlenging frå parkeringsplassen og det er framleis ein gangveg her. Mellom vegen og parkeringsplassen er det ein bakkemur i stein med hekk på delar av toppen. Det er usikkert når muren vart bygd, måten den er mura opp på samt eldre bilete tyder på at den har vore ein del av det opphavlege hageanlegget, men det er vanskeleg å sei med sikkerheit når muren vart bygd.



Figur 57. Parkeringsplassens sett mot paktarbustaden.



Figur 58 og Figur 59 Bakkemur med hekk ved parkeringsplassen.



Figur 60. Detalj av bakkemur med hekk ved parkeringsplassen.

9. Studio og mausoleet

Hagen rundt studio og mausoleet er avgrensa av eit kvitt stakittgjerde. Hagen ligg her på fleire nivå og det er sett opp murar langs ytterkantane som formar hagen. Tidlegare var det stiar rundt studio og frå studio til mausoleet. I dag er det grøn plen her. Inngangen til hagen er gjennom ei grind i nord ut mot vegen. Ein kan her gå mot aust og mausoleet eller mot vest langs langsida av studio til inngangen på kortveggen i vest. Ved grinda er det bevart restar etter ei steintrapp som leier ned til langsida av studio.

Mausoleet og studio er i dag omgitt av ein grøn plen. Heilt vest i hagen er det framleis att to løvtrær samt nokon busker. Mot sør langs tilbygget ligg hagen på eit lågare nivå enn resten av tomta og denne delen er avgrensa av to murar i stein ein mot aust og ein mot vest.



Figur 61. Studio og mausoleet sett frå vegen til naboegedomen.



Figur 62. Studio og mausoleet sett frå vegen opp til villaen.



Figur 63. Bakkemuren med stakitt framfor inngangen til Studio. Figur 64. Bakkemur langs sørgrensa av hagen rundt studio.



Figur 65. Bakkemur med stakitt og to bjørketrær framfor inngangen til Studio. Figur 66. Bakkemur med stakittgjerde langs sørsida av hagen til Studio og mausoleet.



inngangen til Studio.

Figur 67. Bakkemur, stakittgjerde og bjørketrær ved



Figur 68. Mausoleet sett frå grinda inn i hagen. Figur 69. Hagen mellom mausoleet og Studio. Figur 70. Hagen langs tilbygget til Studio.



Figur 71. Hagen med steintrapp opp til grinda. Figur 72. Hagen langs tilbygget til Studio. Figur 73. Hage ved inngangsdøra til Studio.



Figur 74. Hagen sett frå langveggen ut mot dalen. Figur 75. Inngangspartiet til Studio med dei to bjørketrea tilhøgre.

Vedlegg 1 Kart som viser hagen i 2020



Vedlegg 2 Kart som viser hagen i ekteparet Singer si tid

